

# Kva er god nynorsk språkføring?

**ENDRE BRUNSTAD**

*Universitetet i Bergen*

I nynorsk språkrøkt er det tradisjon for å tale om at nynorsken skil seg frå bokmålet ikkje berre gjennom rettskriving, men òg gjennom språkføring. Denne artikkelen tek føre seg oppfatningar om kva som kjenneteiknar «god» nynorsk språkføring blant språkbrukarar med eit nært tilhøve til nynorsk skriftkultur. Materialet omfattar ei spørjegransking blant eit utval på 67 språkbrukarar og eit utval handbøker i god nynorsk språkføring. Vi finn blant det store fleirtalet av informantane ei oppfatning om at visse språkføringskvalitetar er spesifikke for nynorsken, og ikkje berre eigenskapar ved tekstar generelt. Eit meir generelt aspekt er at vi med utgangspunkt i materialet ser ein tolkingsfellesskap for nynorsknormer. Ein slik tolkingsfellesskap fortel noko om korleis normer vert operative og internaliserte. På bakgrunn av spørjegranskinga diskuterer artikkelen kort korvidt spørsmålet om språkleg kvalitet bør vere del av den offisielle normeringa.

## 1 Innleiing

«Det er lett å skrive rett, men vanskeleg å skrive godt.»<sup>1)</sup> Denne seiemåten gjeld i prinsippet for alle som bruker tid og krefter på å vidareutvikle språkbukken sin. Kva vil det så seie å skrive godt på *nynorsk*?

I skulen er det å skrive god nynorsk ikkje forstått som noko kompetansemål i seg sjølv. Etter dei nye læreplanane i Kunnskapsløftet skal opplæringa i nynorsk sjåast i samanheng med grunnleggjande kompetansekrav i lesing og skriving, og nynorsk vert del av den generelle språk- og tekstkompetansen. Det å skrive godt, vil såleis seie å skrive godt både på nynorsk og bokmål.

Ein slik forståingsmåte seier noko om kva status nynorsken ideelt sett bør ha blant alle brukarar av norsk språk.

Vi sit likevel att med spørsmålet om kva det då er som *særpregar* god nynorsk språkføring. Det har nemleg vore ei utbreidd oppfatning om at nynorsken skil seg frå bokmålet ikkje berre gjennom rettskriving, men òg gjennom stil og syntaks (jf. Gjelsvik 1950). Kan vi t.d. tale om ein spesiell nynorsk skrivemåte med særigne tekstnormer? Kva går i så tilfellet den skrivemåten ut på? Og kva er det som skal til for at skrivemåten skal vere bra? Slike spørsmål står ikkje i sentrum for den tradisjonelle språknormeringa, men

er høgst aktuelle i den «stille» språknormeringa som føregår gjennom lærebøker, undervisning, retting og språkleg rettleiing.

Føremålet med denne artikkelen er å gå nærmare inn på oppfatningar om god og dårleg nynorsk innanfor det vi kan kalle den nynorske normeringsdiskursen. Det dreier seg meir presist om oppfatningar blant nynorskbrukarar med eit nært tilhøve til den nynorske skriftkulturen, dvs. språkvitarar, nordistar, journalistar, kulturarbeidarar, målfolk og forlagsfolk. Desse personane har ein påverknadskraft både gjennom eigen språkbruk og gjennom definisjonsmakt i den nynorske ålmenta (som ekspertar, lærebokforfattarar, førelesarar og deltakarar i ordskifte og komitear). Såleis er deira vurderingar særleg interessante for å få meir kunnskap om internaliserte eller operative normer for språkføring som eigentleg ikkje er offisielt normert.

Materialet vil fyrst og fremst vere ei spørjegransking blant eit utval på 67 «framstående nynorskbrukarar». Dei som deltok i denne granskinga, fekk spørsmål om kva dei meinte med god nynorsk språkføring, og korleis denne skilde seg frå dårleg nynorsk språkføring. I tillegg vil det verte trekt inn handbøker i god nynorsk språkføring.

## 2 Bakgrunn: Den nynorske normeringsideologien

Blant personar med sterke band til den nynorske skriftkulturen, ser vi snøgt at visse kvalitetsvurderingar av nynorsk heng saman med generelle språkideologiske posisjonar. Det er tilfellet når ein tildeler språkbruken eigenskapar som «folkeleg», «høgnorsk», «vulgær», «bondsk», «nasjonal», «norsk», «unorsk», «grei», «talemålsnær» og «rett». Vektlegginga av kvar einskild av desse eigenskapane har endra seg opp gjennom tidene, i takt med endringar i det språkideologiske klimaet. Eigenskapane har elles ofte vorte knytte til rettskrivingsstrid (til spørsmål om t.d. *a*-mål eller *i*-mål, konservative former eller tilnæringsformer, gradar av valfridom, hovudformer og sideformer). Samtidig er det mogleg å tenkje seg visse kvalitetsmål som går på tvers av det tradisjonelle normeringsordskiftet. Det er det Olaf Almenningen gjer når han skriv om historisk kontinuitet i nynorsk målføring og stil:

Trass i dei omskifta vi har hatt når det gjeld rettskriving og bøyning, så er det heller liten avstand mellom eldre og yngre nynorsk når det gjeld målføring og stil. Dette heng først og fremst saman med at nynorsken heile tida har bygd på det same grunnlaget, nemleg det levande talemålet, målføra. (Almenningen 2006:39.)

Den historiske kontinuiteten Almenningen refererer til, kan førast tilbake til Ivar Aasen og hans normeringsprinsipp då han etablerte landsmålet. Aasen la

vekt på at skriftspråket skulle byggje på dialektane på landsbygda og på allmugen sitt talemål. Dermed markerte han avstand til den eksisterande danske skrifttradisjonen. Aasen understreka avstandsmarkeringa i skriftstykket «Om Sprogets Dyrkning» (1860:16): «Den nationale Udtryksmaade maa altid iagttages. Man maa være i Stand til at frigjøre sig fra den moderne danske Stiil.» Han åtvare òg mot «den stive og kunstige Periodebygning, som er kommen i Brug i visse andre Sprog» (Aasen 1864:380). Avvisinga av den «stive og kunstige» syntaksen vart radikalisert av Olaus Fjørtoft i kritikken av bergensmålmennene; dei hadde ein syntaks og ein stil som «e verre hell dæ hadde vore skrive ta den argaste Tysk» (Fjørtoft 1972:87). Også Gustav Indrebø var oppteken av å take avstand frå den tyske tradisjonen, og i artikkelen «Austlands-mål og Vestlands-mål» skreiv han: «Dei tyske ordi og ordlagi, når dei slepp til, trengjer til side nasjonale ord og vendingar og set stengje for den rike oppkoma med målande og hendige ordlag or folkemålet.» (Indrebø 1932:26). Den syntaktiske purismen vart konkretisert av Nikolaus Gjelsvik i *Von og veg* (1950). I denne boka kom Gjelsvik med konkrete framlegg til korleis ein kunne avløyse «ikkje-nynorske» former, t.d. visse typar genitivkonstruksjonar eller «tunge» setningar, med god nynorsk. Tilnæringsmåten vart førd vidare av bl.a. Magne Rommetveit med *Med andre ord* (1993). Likevel har det samla sett ikkje vore grunnlag for nokon generell purisme i nynorsk. Symptom på det er åtvaringar imot «nynorske kunstord» (jf. Vikør 1983:63). Interessant i så måte er den omfattande mediemerksenda som journalist Anne Viken (2007a og 2007b) fekk då ho nyleg gjekk til åtak på det ho meinte var konservativ språkbruk blant målfolk. Ho hevda at målrørsla var dominert av folk som hadde konvertert frå bokmål til nynorsk, at desse brukte ein arkaisk og konservativ nynorsk som var med på å framandgjere folk i nynorskområda frå nynorsken, og at det var ein grunn til at folk gjekk frå å bruke nynorsk til å bruke bokmål. Viken har aldri dokumentert påstandane sine, og elles fått kraftig motbør frå fleire motdebattantar (jf. Bjørhusdal og Lothe 2007, Kihl 2007, Myhren 2007). Likevel var det dei som vart stempla som «konservative» som kom i forsvarsposisjon og måtte argumentere for at dei ikkje var så konservative likevel. Det underbyggjer det allmenne poenget om kva avgrensingar som ligg i den nynorske purismen.

Ei interessant kjelde for å vurdere kvalitetsvurderingar som gjeld nynorsk i dag, er handbøker i god nynorsk språkføring. Eit utval av desse er *Råd for uråd* (1993) av Ola Breivega, *På saklista* (2006) av Jan Olav Fretland, *Den beste boka i praktisk nynorsk for lærarstudentar* (1998) av Olaf Almennyngen, Eva Bjørkvold og Aud Søyland og *Innføring i nynorsk for høgare utdanning* (2006)

av Olaf Almenningen; i tillegg kjem Alf Helleviks utvida *Nynorsk ordliste* som òg gir råd om språkføring. Ser vi i desse kjeldene på kva råd som oftast vert trekte fram som vesentlege for god nynorsk språkføring, står desse momenta sentralt:

1. God nynorsk er meir talemålsnær og bruker fleire dialektord enn bokmålet.
2. God nynorsk har mindre bruk av passiv enn bokmål, og det er restriksjonar på passivbruken.
3. God nynorsk har restriksjonar på bruken av genitiv.
4. Det er i god nynorsk mindre bruk av enkelt bunden form av substantiv.
5. God nynorsk har ein meir verbal uttrykksmåte, og ein skal difor unngå for mange substantiv avleidd av verb eller adjektiv når ein kan bruke verb eller adjektiv (unngå «substantivsjuke»).
6. God nynorsk har restriksjonar mot tunge partisippkonstruksjonar.
7. God nynorsk har restriksjonar mot underordning og innskotssetningar.
8. Nynorsken har ein ordlagingsstradisjon som med fordel kan dyrkast.

Det kan diskuterast om kvar av dei åtte momenta som her er nemnde, eigentleg er så spesifikke for nynorsken. Også i språklege rettleingar for bokmål gir ein råd om å unngå substantivsjuke, for mykje passiv, for tunge setningar osv., jamvel om det kan vere presisert at der er større aksept for slike trekk i bokmål enn i nynorsk (jf. Simonsen 1999:43f, Vinje 2006 og drøfting hos Maagerøy 2003). Det er heller ikkje slik at nynorsk skrivemåte nødvendigvis er feil i bokmål. Som det står på Språkrådet sitt nynorskkurs på Internett:

Du treng ikkje vere redd for om denne nynorske skrivemåten smittar over på bokmålsskrivinga di. Det er oftast ein fordel. (Språkrådet 2007a.)

Føremålet vårt er likevel ikkje å vurdere om språktrekka *reelt sett* er spesifikke for nynorsken, men å sjå på kva oppfatningar som rår om god og dårleg nynorsk blant nynorskbrukarar med eit nært tilhøve til skriftkulturen. Dei språktrekka som vert spesifiserte i handbøker i god nynorsk språkføring, er vesentlege i så måte. Det er her tale om normer for stilbruk, syntaks og tekstskaping som ikkje er formulerte som rettskrivingsreglar, men som finst innanfor den nynorske normeringsdiskursen.

Eit siste aspekt som er verdt å nemne i denne samanhengen, er korleis formelle krav til rettskriving vert vektlagde i den nynorske normeringsdis-

kursen. Celia Berg (1999) viser til at nynorskbrukarar i større grad er opptekne av å gjere skriftspråket sitt individuelt prega, og er mindre opptekne av korrektheit og knirkefri kommunikasjon enn bokmålsbrukarar. Medan bokmålsbrukarane i hennar studie legg vekt på instrumentelle sider ved skriftspråket, var nynorskbrukarane opptekne av «eigne val og ønske» om korleis skriftspråket skulle sjå ut (Berg 1999:73, jf. òg Selback 2001). Dersom det er eit generelt trekk ved språkhaldningane, kan ein forvente at nynorskbrukarar lettare vil akseptere språkleg valfridom og variasjon enn bokmålsbrukarar. I normeringsordskiftet rår det likevel fleire syn. Når vi ser på vedtaket som styret i Språkrådet gjorde 13. september 2007 om å setje i gang arbeidet med «ei tydeleg, enkel og stram nynorsknorm utan sideformer» (Språkrådet 2007b), er det tydeleg at sterke krefter vil ha ei innstramming av nynorsknormalen. Likevel, viss vi ser på tendensar over tid, er det like tydeleg at formelle krav til rettskriving samla sett vert vurdert som mindre viktig i dag enn for nokre tiår sidan. Eitt indisium som peikar i den retninga, er at sensorretteleingar til norskeksamen legg mindre vekt på formell rettskriving ved vurderinga. I staden legg ein vekt på funksjonalitet, t.d. tekstoppbygging, tematisk samanheng, kommunikasjon, språklege verkemiddel etc. (Jf. Udir 2006, Udir 2008a, Udir 2008b.) Som det står i retningslinene til vurderingsskjemaet frå 2006:

Tradisjonelt har formelle ferdigheter spilt en stor rolle når en har satt karakter. Skrivepedagogisk forskning har gitt oss ny innsikt i hva som kjennetegner en god tekst, og i vurderingen legger en nå større vekt på innholdet, oppbyggingen av teksten og den språklige formuleringsevnen. (Udir 2006)

Forskning frå det store *KAL*-prosjektet tyder på at funksjonalitet vert reelt vektlagt i måten lærarar vurderer elevtekstar på (jf. Berge m.fl. 2005). Eit anna indisium er at skrivepedagogikken og norsk-lærarutdanninga dei siste tiåra har hatt ei funksjonell tilnærming med fokus på sjangrar, retorikk og prosessorientert skrivning, ikkje så mykje på formelle dugleikar. Eit tredje indisium er at studentar ser ut til å ha fått fleire rettskrivingsavvik i løpet av dei siste tiåra (jf. Tislevoll 1998). I tillegg kjem framveksten av nye skriftlege kommunikasjonsformer, t.d. chatting, blogging og sms, som når ut til mange og er prega av ei blanding av bokmål, nynorsk og dialekt. I dei siste tilfella er det ikkje nødvendigvis tale om fråvær av korrektheit, men om kontekstbundne korrektheitsnormer som er ulike dei standardspråklege. Samla sett må vi kunne tale om nokre grunnleggjande endringar i den språkkulturelle prioriteringa. Sidan nynorskbrukarar generelt ser ut til å leggje større vekt på individuell språkføring i høve til standardspråkleg korrektheit enn bokmålsbrukarar, er det

ikkje urimeleg å tenkje seg at desse endringane gjeld mest for nynorskbrukarane.

### 3 Normaktørar i 2007

Den spørjegranskinga som artikkelen skal take utgangspunkt i, vart gjennomført tidleg på hausten 2007. Då vart det sendt ut e-brev til eit utval på 80 personar titulerte som «framståande nynorskbrukarar». Utvalet var basert på at dei som vart spurde, hadde nynorsk sakprosa som sitt arbeidsfelt, anten gjennom undervisning, forskning, journalistikk eller forlagsverksemd. Personane fekk to korte spørsmål per e-post som dei vart bedne om å svare på:

- a) Kva er det som kjenneteiknar god nynorsk språkføring?
- b) Finst det «dårleg» nynorsk språkføring? Kva er det i så fall som kjenneteiknar den?

I spørsmålsstillinga vart nemninga «språkføring» medvite ikkje presisert. Berre eit fåtal kommenterte den mangelen, og ingen såg ut til å stusse over nemninga. Dei tolka den til å dreie seg om stil, syntaks og ordlegging, altså primært om anna enn rettskrivingsspørsmål. Det var likevel somme som kommenterte rettskriving.

Til saman kom det inn 67 svar. Svargivarane kan delast opp i seks ulike grupper:

- Flest finn vi innanfor gruppa *nordisk og språkrøkt*. Det er 25 svar i denne gruppa som dreier seg om personar i nordiskfaget, ordbokverksemd og innanfor språknormering og språkrøkt.
- Gruppa *skule* dreier seg om åtte personar som driv med lærarutdanning.
- Gruppa *media* er journalistar, hovudsakleg i Oslo, og det er tolv svar i den gruppa.
- Gruppa *forlag* er forlagsfolk og to forfattarar, til saman åtte svar.
- Gruppa *akademia elles* er seks nynorskakademikarar.
- Gruppa *kulturarbeid* er åtte personar med tilknytning til målrørsla, og som gjer friviljug arbeid som inneber bl.a. publisering.

Utvalet av informantar er for avgrensa til at svara kan vere representative for kvar einskild gruppe. Det vesentlege er at respondentane til saman utgjer normeringsagentar gjennom påverknadskrafta si. Det bør nemnast at det er sakprosaskribentar som er representerte.<sup>2)</sup>

Fleirtalet av dei som svara, var ikkje-lingvistar. Tilnærminga i studien kan dermed i og for seg seiast å vere folkelingvistisk (jf. Preston 2002). På same tid er det grunn til å gå ut frå at skilnaden mellom lingvistar og ikkje-lingvistar i dette tilfellet er mindre enn i mange andre samanhengar. For det fyrste er problemstillingane knytte til normative språkspørsmål, ikkje til beskriving av faktisk språkbruk. Sjølv om lingvistar generelt (vonleg) vil ha eit nøkternt syn på språklege utviklingstendensar og påstandar om språkleg «forfall», treng ikkje skilnadene mellom lek og lærd alltid å vere så store når det kjem til vurderingar av konkrete ord og former.<sup>3)</sup> For det andre er det rimeleg å tenkje seg at ikkje-lingvistane blant dei som her er spurde, har eit sterkt språkleg medvit. Det kan sjåast i samanheng ikkje berre med at dei er skriftprodusentar, men òg deltakarar i den nynorske skriftkulturen. Ikkje sjeldan vert ein der utfordra til å forsvare kvifor ein bruker ulike former for nynorsk. At nynorskbrukarar er meir utsette for språkleg variasjon, må ein òg tru kan spele ei rolle. Likevel ser vi at det òg for folk i denne gruppa er problematisk å gjere greie for kva som er god nynorsk språkføring. Eit uttrykk for det finn vi hos denne svargivaren:

(1) Kanskje er mitt rotete syn på dette eit teikn på at det er (full) forvirring rundt nynorsken, eller kanskje er det meg?

På grunn av det problematiske med å finne eigne ord om språkleg kvalitet, er det grunn til å tru at dei som svarar, i stor grad vil gjere nytte av dei snakkemåtane som finst i den nynorske ålmenta.

#### 4 Resultat

Svara frå spørjegranskinga kan grupperast i tre hovudkategoriar, alt etter kva aspekt ved språkbruken respondentane har vore inne på:

- generelle ideal om språkføring
- overordna prinsipp for det som gjeld nynorsk språkføring
- konkretiseringar av språktrekk som indikerer god og dårleg nynorsk

Som oftast har kvar respondent fleire svar som vi kan fordele på dei tre kategoriane.

I sjølve granskinga vart det lagt opp til opne svar, og det tilseier at ein skal vere varsam med å leggje for mykje i frekvensen av einskildvariablar. Når ein person nemner t.d. substantivsjuke og passivbruk som døme på «dårleg» nynorsk, kan det vere tilfeldig at han ikkje nemner t.d. parataktisk stil som

Kva er god nynorsk språkføring?

døme på «god» nynorsk. Poenget er å sjå på den allmenne tendensen som fleire variablar uttrykkjer.

Vi skal nedanfor gå inn på svara gitt i høve til kvar av svarkategoriane. I tabellane med oversikt over svara er det øvst ført opp tilvisingar til dei seks svargivargruppene.

#### 4.1 Generelle språkføringsideal

I tabell 1 fører vi opp karakteristikkar av språklege ideal som kan seiast å vere gjeldande for all språkbruk, og ikkje berre for nynorsk.

*Tabell 1: Generelle språkføringsideal uttrykte av respondentane*

	Nordisk- faget + språkrøkt	Skulen	Media	Forlag	Akademia elles	Kulturliv	Totalt
Stilistisk sikker	8	6	3	2	2		21
Mottakarorientert	6	6	2	1			15
Sjangermedviten	7	3	1	1	2		14
Variert ordforråd	4	3	2	1	3	1	14
God flyt	1	3	4	1	3	2	14
Formelt korrekt er viktig	9	2	2				13
Språket er i vegen for budskapen/ unngå «markerte» former	4	2	4	1	1	1	13
klår	2	3	2	1		1	9
God nn. er berre som god språkføring gen.	2	2		2	2		8
God og dårleg nn. er i stor grad som god språkføring gen.,	2	2			2	1	7
Nokolunde formelt korrekt	4		1		1		6
Formelt korrekt er mindre viktig	1		1				2



Tabellen viser at det er åtte personar som meiner at ein ikkje kan skilje mellom god språkføring i nynorsk og god språkføring i andre språk. Dei same personane nemner samtidig fleire konkrete trekk som dei ser på som dårleg nynorsk (jf. tabellar nedanfor). Generelt er det fleire som skriv at det er lettare å peike på kva som er dårleg nynorsk enn kva som er god nynorsk (utan at dei av den grunn nemner mange konkrete tilfelle).

Vi ser elles at det vert trekt fram generelle tekstkvalitetar som mottakarorientering, stilistisk tryggleik, god flyt og sjangermedvit. Det gjer respondentane jamvel om det ut frå spørsmålsstillinga er nemnt spesifikt nynorsk språkføring. Ut frå stilistiske ideal er det somme som vil poengtere at dei har sans for både arkaiske former, bokmålsformer, dialektbruk og anna, såfram det har ein funksjon og passar i høve til sjangeren og stilnivået. Desse tre sitata uttrykkjer det synet:

(2) Somme tider er det munnlege, dialektnære som er bra, andre gonger kan jamvel høgstil og oppstylda, arkaiske former vere det rette.

(3) Anten det er ein NN eller NT som skriv med alle klamme- og sideformer, eller ein NV som skriv kaudervelsk og med «ulovlege» former, eller NXs arkaiske strigling av NYs spalte i *Dag og Tid*, er spørsmålet meir om variert og originalt ordval og kreativ stilføring, enn om dei unngår substantivsjuke og avhandlingsunotar.<sup>4)</sup>

(4) Eit levande språk har alltid eit stort register av stilnivå og er på den måten mangfaldig og ureint

Men fleire påpeikar at variasjonen innanfor ein sjanger og innanfor eit stilnivå ikkje kan vere for stor, og at der er ein eigen nynorsk tone:

(5) Det finst eigne nynorske sjangerkonvensjonar, ein eigen nynorsk tone om ein vil, og tydelege avvik forstyrrar formidlinga.

Kva desse sjangerkonvensjonane og den nynorske tonen går ut på, er ikkje alltid like lett å konkretisere, jamvel om somme peikar på ein del trekk (jf. tabell 3).

#### 4.2 Overordna prinsipp for nynorskbruken

Det som i tabell 2 er kalla overordna prinsipp for god nynorsk språkføring, er i motsetnad til svara vi finn i tabell 1 spesifikke for nynorsken, og samtidig på eit høgare abstraksjonsnivå enn kva som er tilfellet når ein peikar på konkrete språkfænomener (jf. tabell 3).

*Tabell 2: Det respondentane ser på som overordna prinsipp for god nynorsk språkføring*

	Nordisk- faget + språkrøkt	Skulen	Media	Forlag	Akademia elles	Kulturliv	Totalt
Bokmålspreg er dårleg nn.	8	2	8	2	4	4	28
Talemålsnært er bra	10	2	2	4	1	5	24
Manglande konsekvens i rettskrivinga er dårleg nn.	4	1	4	2	1	1	13
Arkaisk/ konservativ nynorsk er dårleg nn	1	1	3	1	1		7
Hyperkorrekt er ikkje bra	3	2				1	6
For dialektnært er dårleg nn.	3		1	1			5
Litterær bruk	1	1			1	2	5
Folkeleg språkbruk er bra	3		1				4
Unødvendige framandelement er negativt	1			2	1		4
Ikkje tilgjort/ikkje pynte seg i strid med eigen bakgrunn	2		1				3
Naturleg	1		1				2
Unngå sosialt elitepreg	2						2

Det som respondentane nemner og som vi kan sjå gjengitt i tabell 2 – t.d. talemålsnær språkføring som bra, bokmålspåverknad og manglande konsekvens som negativt – finn vi ofte i normeringsordskifta i målrørsla (utan at ein av den grunn kan overføre utsegnene til posisjonar i normeringsordskiftet).

Noko som er påfallande, er kor fåe som har nemnt litterær tradisjon og skjønnlitteraturen som førebilete. Det vil ikkje seie at dei ikkje meiner skjønnlitteraturen er viktig, men den vert altså ikkje trekt fram.

Manglande konsekvens i rettskrivinga er noko fleire uttrykkjer *sterke* meiningar om, og her kjem òg spørsmålet om varietetsbrot og stilistiske brot inn:

(6) Det er å kle seg i ord som så definitivt ikkje er eins eigne, slik at ein sjanglar rundt i ord som snart er for svære, snart for små, snart for gamle, snart for nye – og i tillegg vakla sterkt i normeringa, slik at ein vinglar mellom dialektnært, moderne, arkaisk – utan å vita kva ein gjer

(7) (...) ein tekst der det både står *gjev* og *noen* til dømes, om det ikkje er eit poeng. (Mine kursiveringar.)

Desse sitata er interessante ved at dei gir uttrykk for at det finst normvarietetar innanfor nynorsknormalen, dvs. at der er eit sett av former innanfor nynorsken som høyrer saman. Denne oppfatninga ligg til grunn når ein respondent meiner at bruk av formene *noen* og *gjev* i ein og same teksten vert normbrot. Folk med kjennskap til den nynorske skrifttradisjonen skjønar poenget, og vil raskt kople formene til kvar sine varietetar av nynorsk. Den fyrstnemnde forma, *noen*, vil verte kopla til «radikal», «bokmålsnær» eller «moderne» nynorsk, den sistnemnde til «tradisjonell» eller «konservativ» nynorsk. Rett nok eksisterer det offisielt ikkje normer for slike varietetar av nynorsk. I offisiell språknormering finst det *ein* nynorsknormal med valfridom. På same tid har kunnige nynorskbrukarar forventingar om stilistisk og varietetsmessig konsistens. Når t.d. lærarar og lærarstudentar feilrettar former i elevtekstar som eigentleg er korrekte, skal ein ikkje sjå vekk frå at forventingar om ein slik konsistens spelar inn. Sjølv om mykje tyder på at lærarar, redaktørar og forlagsarbeidarar har for dårleg kunnskap om norma i nynorsk (jf. Omdal 1999, Omdal 2003, Wetås 2001), og det avgjort er eit problem, kan ein som Dyvik (2003:26–27) er inne på, tenkje seg at dei som rettar, i stor grad vil bygge på forventingar knytte til normbruken i det ein elles les. Det vil seie at ein gjennom lesing har fått internalisert visse språknormer.

Vi veit framleis for lite om korleis variasjonen innanfor nynorsken faktisk vert utnytta, dvs. i kva grad språkbrukarane held seg innanfor det som kan kallast varietetar av nynorsk og i kva grad ein går på tvers. Åse Wetås er inne på at valfridomen i nynorsk i liten grad vert nytta, og at det då «kanskje ikkje berre er normbreidda i seg sjølv som er problemet, men i like stor grad at brukarar flest ikkje får rettleiing i bruken av norma» (Wetås 2001:upaginert). For å få vurdert kor reelle varietetane er, treng vi meir kunnskap om faktisk språkbruk. Vel så viktig er systematisk kunnskap om korleis varietetbruken vert vurdert av språkbrukarane. Korrelasjonsstudiar av slik varietetsbruk vil sam-

tidig ha fleire problematiske sider ved seg. For det fyrste er der mange subjektive syn på normvariasjon, og ein skal vere særst varsam med å la moraliserande utsegner om eit normativt fenomen som språk få status som stilistiske lovutsegner. For det andre kan det ofte vere tale om at visse «avvikande» formtrekk er leksikaliserte som einskildord. Det vi skal merke oss i denne samanhengen, er at det blant respondentane i spørjegranskinga tydelegvis finst eit medvit om nynorskvarietetar, og at det medvitet òg ligg til grunn når ein vurderer språkleg kvalitet.

Bokmålspreg er nemnt av fleire som eintydig negativt. Fleire kan rett nok akseptere det dei ser på som bokmålsord, men bokmålssyntaks er ikkje bra. Det er ikkje alltid heilt klart kva ein legg i bokmålspåverknad, men ord som *noen* og *anbeheitlese*-ord vert nemnde, i lag med passivformer og genitivsformer. På same tid skal ein ikkje rosemåle språket:

(8) Ein annan type nynorsk språkføring som i alle fall irriterer meg, er det ein kan kalla pondus-nynorsken. Folk som elles er i stand til å skriva grei nynorsk, skal pynta opp språket med ordtak, munnhell og allitterasjonar, det kan sjå ut som dei har ein tanke om at nynorsk må vera rosemåla for å vera «skikkeleg nynorsk».

Fleire nemner talemålsnær nynorsk som eit ideal. I det idealet ligg fleire synsmåtar. Somme meiner at skriftspråket må fylgje utviklinga i talemålet, andre påpeikar at skrift og tale er ulike system, og at skriftspråket ikkje kan fylgje talemålet i eitt og alt. Blant dei sistnemnde vert det på same tid presisert at der er ei grense for kor fjernt skriftspråket kan vere frå talemålet. Eit par nemner at nynorsken ikkje berre bør skrivast, men òg talast, og ein respondent er inne på at talemålsidealet på skriftspråket gjer at skriftspråket òg smittar over på talen. Det ligg nok mykje sjølvinnsikt i denne utsegna:

(9) Eg prøver å praktisera ein skriftleg nynorsk som ligg nært opp til slik eg snakkar, noko som medfører at eg etterkvart snakkar slik eg skriv.

### 4.3 Konkretisering av språktrekk som indikerer god nynorsk

I tabell 3 ser vi dei konkrete språktrekka som er nemnde som typiske for *god nynorsk* blant respondentane i spørjegranskinga.

*Tabell 3: Språktrekk som etter respondentane sitt syn indikerer god nynorsk*

	Nordisk- faget + språkrøkt	Skulen	Media	Forlag	Akademia elles	Kulturliv	Totalt
Substantivsjuke er ikkje bra	6	1	3	1	2	5	18
Passiv bør unngåast	7	1	4	1		4	17
Verbal uttrykksmåte er bra	6	2	3		1	3	15
Punktum istf. komma: Korte setn.	3	2	3	2	3		13
Dårleg syntaks	4	1	3		2	1	11
Aktiv er bra	4		3			3	10
Genitivsformer er problematiske	5	1				2	8
Dobbelt bunden form istf. enkelt bunden form	5					1	6
Anbeheitelse-ord bør unngåast	3					3	6
Parataktisk og ikkje hypotaktisk stil	4					1	5
Subjektet mest mogleg til venstre i setninga	2	1				1	4
Ikkje innskotssetningar	1	1	1				3
Brot på formell rettskriving gjer nn. dårleg	1						1
Laust samans. verb istf. fast samans. verb	1						1

Vi ser i tabell 3 visse variablar som går att: unngå passiv, verbal uttrykksmåte, unngå substantivsjuke, korte setningar, unngå visse genitivskonstruksjonar (men ikkje nødvendigvis genitiv generelt). Slike variablar går òg att i handbøker i god nynorsk språkføring.

Nokre respondentar nemner spesifikke syntaktiske trekk, andre er meir generelle ved å tale om «tunge» eller «dårlege» setningar. Slike svar er her plasserte i kategorien «dårleg syntaks». Viss ein i tillegg tek med dei som er opptekne av korte setningar, av venstretunge setningar og parataktisk stil, så vert talet på personar som er opptekne av setningar, monaleg større. Mange meiner tydelegvis at gjennom setningane skil nynorsken seg frå bokmålet, og at god nynorsk språkføring har noko med syntaksen å gjere.

Som vi alt har vore inne på, er det fleire som tykkjer det er lettare å spesifisere kva som er dårleg nynorsk enn kva som er bra nynorsk. Men det er òg ein del som gir uttrykk for at å spesifisere konkrete språktrekk, både gode og dårlege, er problematisk i seg sjølv:

(10) God nynorsk er ikkje eitt enkelt uttrykk, han er ikkje einsretta, han har ikkje ein fasit. Det beste i nynorsken er mangfaldet.

## 5 Språkleg kvalitet som normeringsobjekt

Gjennom innsikt i kva «framståande nynorskbrukarar» meiner om kvaliteten på språk, og kva snakkemåtar ein bruker i så måte, kan vi få meir innsikt i den nynorske normeringsdiskursen. Utvalet i spørjegranskinga som denne artikkelen byggjer på, er sjølvstøtt for snevert til å vere representantivt for nynorskbrukarar generelt. Samtidig er det eit faktum at svara kjem frå språkbrukarar som har større påverknad på språkoppfatningane enn andre språkbrukarar. Også nynorskmiljøet har ein hiarkisk struktur når det gjeld makt til å definere kva som er godt språk.

Blant dei vi kan kalle representantar for nynorskeliten ser vi ein tolkingsfellesskap, og det er denne tolkingsfellesskapen som ligg til grunn når respondentane i granskinga talar om talemålsnær skriftbruk, om substantivsjuke, passivformer, bokmålspåverknad og om enkle setningar. Det er her tale om retorikken innanfor den nynorske normeringsdiskursen, ein diskurs språkbrukarane er vortne sosialiserte inn i og sjølve er med på å føre vidare.

Vi ser at det store fleirtalet av respondentane har syn på kva som er spesifikt for nynorsk når det gjeld «god» eller «dårleg» språkføring.

Er det så på sin plass å gjere spørsmål om «god» eller «dårleg» nynorsk til delar av den offisielle språknormeringa?

For å forstå bakgrunnen for eit slikt spørsmål, må vi take omsyn til konteksten for nynorsknormering, for den er ulik konteksten for bokmålsnormering. Det kan vi illustrere med eit tenkt døme der vi stiller fylgjande spørsmål om bokmål til ein bokmålselite: *Hva er god språkføring på bokmål? Hva er dårlig språkføring på bokmål?* Spørsmål om «godt bokmål» vil nok dei fleste oppfatte som markerte.<sup>5)</sup> Når tilsvarende spørsmål ikkje vert oppfatta som markerte når det gjeld nynorsk, er grunnen enkel nok: Nynorsken er i seg sjølv markert. Han vert oppfatta som «det andre språket» i høve til bokmål. Nettopp ut frå posisjonen til nynorsken er det ikkje urimeleg å tolke svara frå spørje-granskinga som uttrykk for at nynorskbrukarane er opptekne av å markere nynorsken. Ein slik markeringstrong kan sjåast i samanheng med fleire faktorar. Ein faktor er ideologisk og språkpolitisk engasjement. Ein annan faktor er ynsket om å gjere nynorsken såpass tydeleg at alle språkbrukarar kan meistre han, t.d. at dei kan meistre dei stilistiske varietetane av nynorsk. Ein tredje faktor kan seiast å handle om respekt og prestisje for det språket ein bruker. Trongen for å markere nynorsken er dermed med på å skape ein trong til å normere kva som er «god» nynorsk.

Som vi har vore inne på, er det mange subjektive faktorar som ligg til grunn når folk vurderer ei språkføring som god eller dårleg. Språklege stilguidar kan lett fungere konserverande i høve til smaken åt dei som klagar over språkleg «forfall» (jf. Kaplan et al. 1997:60). Ein skal difor vere varsam med å gjere språkføringa til eit offisielt normeringsobjekt.

Varsemd vil likevel ikkje seie det same som at ein skal ignorere fenomenet. For det fyrste går det føre seg ei normering av nynorsk språkføring i skule, forlag, media og administrasjon, og det vil vere problematisk å neglisjere den normeringa. For det andre tyder forskning om normkunnskap og normbruk at det eksisterer eit implementeringsproblem for nynorsken: Språkbrukarar har trong for råd og rettleiing når det gjeld bruken av nynorsknorma.

Det som vi vil argumentere for, er difor auka merksemd kring spørsmål om språkføring og språkleg kvalitet. Råd og rettleiing er viktig, og bør formulerast på ein måte som òg gir grunnlag for kritisk refleksjon. Ein føresetnad for å få det til, er meir kunnskap om normoppfatningar og normbruk, og då frå eit større utval av nynorskbrukarar. Her er det rom for fleire større forskingsprosjekt.

## Notar

- 1) Sagt av Laila Aase på seminaret «Ny giv for nynorsk» arrangert av Nynorsksenteret og Universitetet i Oslo, Oslo 14. februar 2008.
- 2) Fråværet av skjønnlitterære forfattarar kan seiast å vere ein veikskap sidan nynorsk skjønnlitteratur samla sett har ein sterk posisjon: Tal frå den norske bokdatabasen viser at delen av nynorsk i skjønnlitteratur (15%) er større enn delen av nynorsk i alle andre boksjangrar og medium. (Jf. Bok og samfunn 2006.)
- 3) I denne samanhengen er det interessant å vise til det Olle Josephson (1999) fann då han spurde 72 språkvitararar om haldningar til importord i svensk, og samanlikna deira svar med svar frå 329 ikkje-lingvistar (jf. Wingstedt 1998). Medan språkvitarane viste seg å ha ganske ikkje-puristiske synspunkt i spørsmål som galdt generelle haldningar, var dei like puristiske som ikkje-lingvistane når dei skulle seie kva dei tykte om konkrete einskildord og einskildformer.
- 4) Personane som det vert referert til, er her anonymiserte.
- 5) Ein liten illustrasjon på det finn vi på å søkje på *Atekst*. Frasen «god nynorsk» fekk her 85 treff, medan frasen «godt bokmål» berre fekk 19 treff. For den sistnemnde frasen var det dessutan som oftast nynorsk som var fokusert i artikkelen.

## Summary

This article discusses perceptions of what is characterized as good written Nynorsk by persons with a close relationship to Nynorsk written culture. The material includes a survey of 67 informants, as well as a selection of handbooks of recognized standard Nynorsk. The result shows that a majority of the informants hold the view that certain qualities of writing are specific to Nynorsk, and not just qualities of texts in general. A more general aspect is that on the basis of this study, we may see outlines of a community of normative interpretation for Nynorsk. This community of interpretation tells us something about how norms are being operational and internalized. Furthermore, the article discusses quality of writing as an object of language planning.

## Litteratur

- Almenningen, Olaf; Bjørkvold, Eva og Søyland, Aud. 1998. *Den beste boka i praktisk nynorsk for lærarstudentar*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf. 2006. Innføring i nynorsk for høgare utdanning. Oslo: Samlaget.
- Atekst. Internett: <https://web.retriever-info.com/services/archive.html> [Nedlastingsdato: 25. mai 2008.]
- Berg, Celia M. 1999. «*La oss skrive slik det er naturlig og behagelig.*» *Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule*. [Upublisert hovudoppgåve i nordisk.] Bergen: Universitetet i Bergen.
- Berge, Kjell Lars m.fl. (red.). 2005. *Ungdommers skrivekompetanse I-II*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjørhusdal, Eli og Lothe, Hege. 2007. Nynorsk realitetssjekk. *Klassekampen* 23. april 2007.
- Bok og samfunn. 2006. Konstant nynorskandel. Internett: <http://www.bokogsamfunn.no/Nettutgaven/121134> [Nedlastingsdato: 1. november 2007.]
- Breivega, Ola. 1993. *Råd for uråd*. Oslo: Samlaget.



- Dyvik, Helge. 2003. Offisiell og ikkje-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning? I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*, 25–40. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Fjørtoft, Olaus. 1972. *Fram. Skrifter i utval*. Redigert av Jostein Mykletun. Bergen: Eide.
- Fretland, Jan Olav. 2006. *På saklista. Nynorsk språkbruk i statsforvaltinga*. Oslo: Samlaget/LNK.
- Fretland, Jan Olav. 2007. «Du skriv feil, lærar». I Anne Steinsvik Nordal (red.): *Betre nynorskundervisning*, 71–82. Volda: Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.
- Gjelsvik, Nikolaus. 1950. *Von og veg*. Andre utgåva. Bergen: Norsk Bokreidinglag.
- Hellevik, Alf. 2005. *Nynorsk ordliste*. 10. utgåva. Oslo: Samlaget.
- Indrebø, Gustav. (1930) 1932. Austlands-mål og Vestlands-mål. Framandord. I Gustav Indrebø (red.): *Nynorsk og bokmål*, 20–27. Bjørgvin: Lunde.
- Josephson, Olle. 1999. Folk och språkvettare – om attityder till svenska språket. I *Språkvård* 2, 4–14.
- Kaplan, Robert B. & Baldauf, Richard B. 1997. *Language Planning. From practice to theory*. [Multilingual Matters 108.] Clevedon: Multilingual Matters.
- Kihl, Jens. 2007. Mot normalt. *Klassekampen* 30. mars 2007.
- Myhren, Eilev Groven. 2007. Politisk nynorsk. *Klassekampen* 27. mars 2007.
- Maagerøy, Eva. 2003. Nominalisering og normering. I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*, 209–220. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Omdal, Helge. 1999. Språknormusikkerhet i bokmål og nynorsk. I Helge Omdal (red.): *Språkbrukeren – fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm*, 181–195. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Omdal, Helge. 2003. Lærernes rolle i implementeringen av norske språknormer. I Helge Omdal og Rune Røsstad (red.): *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*, 221–238. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Preston, Dennis. 2002. What is Folk Linguistics? *Målbryting* 6, 13–23.
- Rommetveit, Magne. 2000. *Med andre ord*. Oslo: Samlaget.
- Selback, Bente. 2001. «Det er heilt naturleg». *Ei gransking av skriftspråkhaldningar*. [Upublisert hovudoppgåve i nordisk.] Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Simonsen, Dag Finn (red.). 1999. *God språk i lærebøker. Rettleiing i lærebokarbeid*. [Norsk språkråds skrifter nr. 6.] Oslo: Norsk språkråd.
- Språkrådet 2007a. Kvifor i all verda skal eg læra nynorsk? Internett: <http://www.sprakrad.no/upload/8495/kvifor-i-all-verda.pdf>. [Nedlastingsdato: 1. november 2007.]
- Språkrådet 2007b. Protokoll frå styremøte i Språkrådet 13. september 2007. Internett: <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Om-oss/Styreprotokoller/> [Nedlastingsdato: 1. juni 2008.]
- Tislevoll, Jan R. 1998. *Studentnorsk. En språklig undersøkelse av eksamensbesvarelser i norsk og sosiologi*. [Upublisert hovudoppgåve i nordisk.] Oslo: Universitetet i Oslo.
- Udir 2006. Vurderingsskjema i norsk for sensorar. Internett: [http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Skjema/Norsk\\_vurderingsskjema\\_sensorene\\_bm\\_nn.pdf](http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Skjema/Norsk_vurderingsskjema_sensorene_bm_nn.pdf) [Nedlastingsdato: 1. november 2007.]

- Udir 2008a. Vurderingsrettleiing i norsk for grunnskulen. Internett: [http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Eksamens/Grunnskolen/2008/NOR0017\\_Norsk\\_vurderingsrettleiing\\_NN.pdf](http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Eksamens/Grunnskolen/2008/NOR0017_Norsk_vurderingsrettleiing_NN.pdf) [Nedlastingsdato: 1. november 2007.]
- Udir 2008b. Vurderingsrettleiing i norsk for vidaregåande skule. Internett: [http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Eksamens/Videregående/V2006/Vurderingsveiledninger/Norsk\\_skriftlig\\_vgs\\_Vurderingsskjema.pdf](http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Eksamens/Videregående/V2006/Vurderingsveiledninger/Norsk_skriftlig_vgs_Vurderingsskjema.pdf) [Nedlastingsdato: 1. november 2007.]
- Viken, Anne. 2007a. Den nynorske faren. *Klassekampen* 24. mars 2007.
- Viken, Anne. 2007b. Ein konvertitts bekjennelse. *Syn og segn* 2, 52–60.
- Vikør, Lars S. (1980) 1983. Nynorsk for folket? I Arne Lauvhjell (red.): *Heit strid om nynorsk. Dokument og meiningar 1980–1983*, 52–68. Oslo: Novus.
- Vinje, Finn-Erik. 2006. *Skriveregler*. [Bokmål.] Oslo: Aschehoug.
- Wetås, Åse. 2001. Korleis opplever brukarane normsituasjonen i nynorsk? Internett: <http://www.sprakrad.no/upload/nyno02awe1.doc>
- Wingstedt, Maria. 1998. *Language Ideologies and Minority Policies in Sweden. Historical and contemporary perspectives*. Stockholm: Centre for Research on Bilingualism, Stockholm University.
- Aasen, Ivar. (1860) 1958. Om Sprogets Dyrkning. I Reidar Djupedal (red.): *Ivar Aasen Brev og dagbøker*, 298. [Band 2.] Oslo: Det Norske Samlaget.
- Aasen, Ivar. 1864. *Norsk Grammatik*. Kristiania: Mallings.

Endre Brunstad  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium  
Universitetet i Bergen  
Postboks 7805  
N-5020 Bergen  
[endre.brunstad@iie.uib.no](mailto:endre.brunstad@iie.uib.no)